



**FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV  
FOR SAKSHANDSAMING ETTER**

**LOV OM EIGARSEKSJONAR**

*Vedteke i Ulstein kommunestyre den 14.12.2023, sak 140/23.  
Gjeldande frå 01.01.2024*

Forskrifta er heimla i lov om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) § 15.

*Forskrifta erstattar «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Lov om Eigarseksjonar» vedteken av Ulstein kommunestyre den 15.12.2022, sak PS 131/22.*

**A. Generelle reglar**

- A.1 Gebyrregulativet gjeld sakshandsaming etter reglane i eigarseksjonslova og omfattar ikkje løyve etter anna regelverk.
- A.2 Gebyrsatsane inkludere ikkje tinglysingsgebyr eller ev. dokumentavgift.
- A.3 Gebyra er unnateke meirverdiavgift.
- A.4 I saker som utløyse dokumentavgift, må denne vere betalt før saka vert sendt til tinglysing.
- A.5 Dersom andre enn søkar skal betale gebyret, må det føreligge skriftleg avtale mellom søkar og den som skal ha faktura. Søkar er solidarisk ansvarleg.
- A.6 Det er ikkje høve til å klage på fastsettinga av gebyr i den enkelte sak, der gebyret er heimla i eigarseksjonslova § 15. Men søkar har høve til å søke om nedsetting av gebyr, der gebyret framstår som openbert urimeleg. Søknad om nedsetting av gebyr må innsendast innan 3 veker etter at faktura er motteke. Det er kommunalsjef teknisk som har avgjerdsmynde.
- A.7 Dersom eigar under saksgangen gjer forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.
- A.8 I ei sak der kommunen må innhente informasjon fra grunnboka ved bestilling av slik informasjon, vil slike kostnader bli lagt til dei andre gebyrkostnadane (ref. MDs rundskriv T-5/09).
- A.9 Kommunestyret vedtek gebyrregulativet og endringar i dette, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Gebyrsatsane skal regulerast årleg, og satsane gjeld frå kunngjeringsdato.

## B. Gebyrsatsar

### B.1 Oppretting av eigarseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret for 5-8 seksjonar.

- |   |    |          |
|---|----|----------|
| a) Til og med 4 seksjonar                 | kr | 10 313,- |
| b) 5 – 8 seksjonar                        | kr | 15 470,- |
| c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon | kr | 838,-    |

### B.2 Oppretting av eigarseksjonar, reine parkeringsseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til fire gongar gebyret for 5-8 seksjonar. Dersom søknaden også omfattar bustadseksjonar, skal maksimalgebyr reknast etter pkt B.1.

- |   |    |         |
|---|----|---------|
| a) Til og med 4 seksjonar                 | kr | 5 157,- |
| b) 5 – 8 seksjonar                        | kr | 7 735,- |
| c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny seksjon | kr | 419,-   |

### B.3 Reseksjonering

Maksimalt gebyr vert sett til tre gongar gebyret for 5-8 seksjonar.

- |   |    |          |
|---|----|----------|
| a) 1- 4 seksjonar eller fellesareal endrast     | kr | 15 470,- |
| b) 5 – 8 seksjonar eller fellesareal endrast    | kr | 20 626,- |
| c) Frå 9 seksjonar, tillegg pr ny endra seksjon | kr | 1 160,-  |

### B.4 Synfaring

Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn dette nødvendig for handsaming av saka.

Gebyret kjem i tillegg til handsamingsgebyr under B1-B3

	kr	4 512,-
--	----	---------

### B.5 Sletting (oppheving) av seksjonert sameige

Sakshandsaming for å slette seksjonar på ein eigedom

	kr	6 446,-
--	----	---------

### B.6 Saker som ikkje vert fullført

Når saka av ulike grunnar ikkje kan slutførast, kommunen avslår søknad eller søker trekk søknad:

- Avsluttast ei sak før sakshandsaming er starta, skal det ikkje betalast gebyr.
- Avsluttast ei sak etter at sakshandsaming er starta vert det rekna gebyr for 60 % av sats etter B1-B3 avhengig av sakstype.

### B.7 Oppretting av eksklusive uteareal

Krev eigen søknad og er omfatta av «Forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter matrikkelova» § 5.1.3

### B.8 Utskrift av matrikkelbrev

Gebyret regulerast av til ei kvar tid gjeldande satsar fastsatt av Statens kartverk

- |                    |    |       |
|--------------------|----|-------|
| a) Inntil 10 sider | kr | 177,- |
| b) Over 10 sider   | kr | 355,- |